



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Særutskrift – Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
19.12.2014		17875/2014	2011/246	Tone Roaldsnes 71 18 40 40

Kommunereforma - lokal framdriftsplan for Vestnes kommune

Vedlagt følger særutskrift frå Vestnes kommunestyre si behandling av sak 95/2014-
Kommunereforma – Lokal framdriftsplan for Vestnes kommune.

Dokumentet vert berre sendt elektronisk.

Helsing

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

Postadresse:

Rådhuset
6390 Vestnes

www.vestnes.kommune.no

Telefon:

71 18 40 00

Telefaks:

71 18 40 01

Org.nr.

939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no



VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 030
Arkivsaksnr.: 2011/246
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes
Dato: 20.11.2014

Kommunereforma - lokal framdriftsplan for Vestnes kommune

Utval	Møtedato	Utvassak
Formannskapet	01.12.2014	112/2014
Kommunestyret	18.12.2014	95/2014

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.12.2014 – sak 95/2014

Samrøystes vedtak:

1.
Vestnes kommunestyre legg til grunn at Vestnes kommune skal følgje "løp 2" med avgjerd om evt. kommunesamanslåing innan sommaren 2016.
2.
Vestnes kommunestyre tar til etterretning formannskapet si innstilling til framdrift slik det går fram av saksutgreiinga.
3.
Kommunestyret ber formannskapet legge fram forslag ein oppdatert plan for milepælar og innbyggjarinvolvering i april 2015.
4.
Kommunestyret skal orienterast om kommunereforma i kvart møte.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Stortinget slutta seg i juni 2014 til følgjande overordna mål for ei kommunereform:

1. **Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane**

“Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tenester.”

2. **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

“Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasser naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.”

3. **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar**

“Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og næringssammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innanfor begrensede økonomiske rammer.”

4. **Styrka lokaldemokrati**

“Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løysningar. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.”

Kommunereformprosessen – sentralt og lokalt

- Stortinget vedtok i juni 2014 å utgreie parallelt eit “folkevalt regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar” (sitat frå stotingsbehandlingen av saka).
- Fylkesmennene skal leie prosessen.
- I september 2014 utga Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ein rettleiar – “Veien mot en ny kommune – En veileder for utredning og prosess”.
- Nettstaden www.nykommune.no vart etablert i september. Nettstaden www.kommunereform.no inneheld alt frå regjeringa om reforma.
- Vestnes kommune sine heimesider har ei eiga lenke til desse nettstadane, samt lenke til alle lokale vedtak om kommunereforma.
<http://www.vestnes.kommune.no/Modules/themepolitics.aspx?ObjectType=Article&ElementID=4333&Category.ID=1782>
- Vestnes kommunestyre vedtok den 2.oktober 2014 at formannskapet skal leie kommunereformprosessen i Vestnes.
- Vestnes Næringsforum arrangerte ein konferanse om kommunereforma i november.

Då kommunereforma vart behandla i Stortinget juni 2014 understreka fleirtalet i kommunal- og forvaltningskomiteen at alle kommunar har eit utredningsansvar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bede kvart kommunestyre innan 31.12.14 behandle ei sak om kommunereforma. Ei slik sak vil vere ein føresetnad for å få innvilga skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til utgifter knytta til reformarbeidet. Denne saka er eit svar til Fylkesmannen.

To alternative "løp" for gjennomføring av reforma:

Løp 1 gjeld kommunar som gjer vedtak innan sommaren 2015.

Løp 2:

Sitat frå veilederen side 5:

"I reformen legges det opp til at kommunene fatter vedtak innen sommeren 2016. Regjeringen planlegger å fremme en samlet proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017. Kommunale vedtak som fattes høsten 2015, men som av ulike årsaker ikke følges opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen. De tilfellene dette vil gjelde er når flere enn én kommune i en sammenslåing vil skifte fylke, eller at sammenslåingen ikke er i tråd med de nasjonale målene for reformen.

Departementet legger til grunn at sammenslåingene som et utgangspunkt vil iverksettes senest fra 1. januar 2020."

Vestnes formannskap tilrår at Vestnes kommune følger løp 2 med avgjerd i 2016.

Statlege føringar i den vidare prosessen:

Nye oppgåver:

I veilederen heiter det på side 5:

"Regjeringen tar sikte på å legge fram en melding til Stortinget våren 2015 med forslag til nye oppgaver til robuste kommuner. Her vil det også være eksempler på hvordan den statlige styringen av større og mer robuste kommuner kan reduseres."

Stortingsmeldinga vil venteleg bygge på Ekspertutvalet sine vurderingar. Utvalet legg fram sin rapport i desember 2014.

Nytt inntektssystem:

I brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 15.oktober 2014 heiter det:

"Forslag til nytt inntektssystem kommer i Kommuneproposisjonen våren 2016. Det har allerede nå kommet signaler om at inntektssystemet vil bli lagt om slik at dette er med å underbygge regjeringens målsetting om færre, større og mer robuste kommuner.

Man kan derfor ikke tillegge dagens inntektssystem en avgjørende betydning inn i vurderingen av hvilke kommuner som bør slå seg sammen."

Brevet frå Fylkesmannen ligg vedlagt denne saka

Vidare framdrift i Vestnes kommune

Vestnes kommunestyre har i sine vedtak gitt klart uttrykk for at kommunen vil gå breitt ut i første del av prosessen. Dette betyr at kommunen orienterer seg i fleire retningar; både mot Romsdals- og Sunnmørskommunar.

Reint praktisk betyr dette at kommunen er med i utgreiingsarbeid både i Sunnmøre regionråd og i Romsdal regionråd.

Regionråda har ei litt ulik tilnærming og metode, men i begge regionane vert det lagt vekt på å utarbeide eit **utfordringsnotat** som kommunane kan bruke i sitt utgreiingsarbeid.

Romsdal:

Telemarksforskning utgreier ulike alternativ og leverer kommunane eit breitt utfordringsnotat innan 18.mai 2015. Utgreiinga her har utgangspunkt i dei overordna måla for reforma som er vedtekne av Stortinget, og som er omtala først i denne saka.

Utgreiinga består av 5 hovuddelar:

- Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling – **rapport blir levert 12.12.14**
- Gode og likeverdige tenester – **rapport blir levert 20.02.15**
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner – **rapport blir levert 20.03.15**
- Styrket lokaldemokrati – **rapport blir levert 20.04.15**
- **Sluttrapport – rapport blir levert 18. mai 2015**

Kommunestyret får kvar av rapportane i sak til kommunestyret.

Sluttrapporten vil innehalde:

Samla vurdering av fordelar og ulemper ved ulike samanslåingsalternativ:

- Kva inndelingsalternativ framstår som mest aktuelle?
 - Kva geografiske og forvaltningsmessige vegval står den einskilde kommune overfor i det vidare arbeidet med kommunereforma?
 - Tilrådingar for vidare prosess.
- Telemarksforskning vil utfrå dette gi tilråding for kommuneinndelinga i Molderegionen.

Sunnmøre:

Sunnmøre regionråd har ei noko anna tilnærming, og vedtok i januar 2014 at det skal utarbeidast eit utfordringsnotat. Formålet med notatet er å:

- Bidra til å gi folkevalte i kommunane kunnskap om innhaldet i og konsekvensane av reforma.
- Bidra til gode diskusjonar og gode lokale prosessar.
- Bidra til å gi folkevalte eit best mulig beslutningsgrunnlag.
- Avlaste administrasjonen i kommunene.

Det er gjennomført ein offentlig anskaffelse der BDO (Kompetansehus innan revisjon og rådgjeving) vart valt som konsulent. Vestnes kommune har levert BDO etterspurt informasjon og dokumentasjon. BDO vil presentere utfordringsnotatet i slutten av november 2014.

Utgreiingar saman med nabokommunar på Sunnmøre

I mail frå rådmannen i Haram datert 5.november heiter det: *“Vi må legge opp ein prosess lokalt med brei involvering og dialog, men vi må også legge opp ein prosess som er tilpassa andre kommunar si framdrift for om muleg å legge ein milepælsplan med felles beslutningspunkt / vurderingspunkt undervegs, samordne prosessar / høyringar og liknande med kommunar som er interessert i å vurdere samanslåing. Prosessen må jo avklare også kven som ikkje er aktuelle eller ikkje er interessert i eit løp der Haram er involvert.*

I første omgang vart rådmannen bedt om å ta eit initiativ over for rådmennene i kommunane Sandøy, Giske, Ålesund, Skodje, Sula, Ørskog og Vestnes.”

Etter samråding med Vestnes formannskap svarte administrasjonssjefen at vår kommune gjerne vil samordne prosessane med ovanfornemnde kommunar.

Lenger har ikkje prosessen kome. Dei andre kommunane utarbeider prosess-sak samstundes med Vestnes no i desember.

Involvering og medverknad i Vestnes kommune:

- Formannskapet har drøfta korleis heile kommunestyret kan verte informerte og i stand til å ta avgjerd våren 2016. Kommunestyret vil få informasjon, og det vil verte sett av tid til debatt om kommunereforma i kvart kommunestyremøte.
- I prosjektet i Romsdal regionråd vil det bli gjennomført ein spørreundersøking blant kommunestyret sine medlemmar i januar/februar 2015.
- Formannskapet har vurdert det som lite tenleg å ha folkemøte i Vestnes før ein har noko meir å presentere enn regjeringa sine mål for reforma. Når det føreligg utfordringsnotat frå både Sunnmøre og Romsdal, bør det arrangerast folkemøte.
- Både Romsdal regionråd og Sunnmøre regionråd vil arrangere spørreundersøking i befolkninga – mest sannsynleg hausten 2015.
- Frå oktober 2015 må det nye kommunestyret få opplæring om reforma.
- Formannskapet vurderer om det skal etablerast ei referansegruppe for formannskapet i denne prosessen. Dette må vere ei breitt samansett gruppe av frivillige organisasjonar og næringsliv.
- Administrasjonssjefen har orientert Ungdomsrådet i eitt møte. Det må vurderast korleis ungdom skal involverast i reforma.
- Administrasjonssjefen har orientert tilsette og tillitsvalte om reforma.

Det er vanskeleg å lage ein fullstendig milepælsplan på noverande tidspunkt. Formannskapet bør ha ein slik plan klar våren 2015. Denne bør leggjast fram for kommunestyret i god tid før sommaren 2015.

Særutskrift til:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal (postmottak)